

Kommunal- og regionaldepartement
Kommunalavdelingen
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.
06/439-6/06/4777//LTA

Dato:
Manger: 21.09.2006

RAPPORT H-2185 OM ELEKTRONISK STEMMEGIVNING - UTFORDRINGER OG MULIGHETER - HØYRING

Vi viser til høyringsbrev m/vedlagt rapport H-2185, dagsett 13.03.2006.

Vurderingar:


Med den utvikling det har vore dei seinare år, er det naturleg å opna for at det er mogleg å avgje si røyst elektronisk heimanfrå. Dagens teknologi kan imidlertid ikkje garantera full tryggleik, og det må såleis berre i første omgang opnast for avgrensa forsøk. Elektronisk røystegjeving må imidlertid ikkje rokka ved krava til forsvarleg førebuing, gjennomføring og kontroll av valet. Elektronisk røystegjeving må og berre vera eit supplement til dagens valordning. Kravet om hemmeleg val må vera ufråvikeleg, og system for dette må vidareutviklast. Avgrensa forsøk må både styrast, kontrollerast og finansierast sentralt, med medverknad av representantar både frå fylkes- og kommunenivå. Eikvar endring i valsystemet må ha som hovudmål at det ikkje kan oppstå feil, noko som er av stor betydning for veljarane sin tillit til forsvarleg gjennomføring og kontroll av valet.

Radøy formannskap handsama saka i møte 14. september d.å. og gjorde slikt samrøystes vedtak:

1. Radøy kommune sluttar seg i hovudsak til arbeidsgruppa sine vurderingar og tilrådingar i rapporten "Elektronisk stemmegivning – utfordringer og muligheter".
2. Avgrensa forsøk med elektronisk røystegjeving bør gjennomførast, og Radøy kommune syner i den samanheng til dei merknader som kjem fram under vurderingar ovanfor."

Særutskrift av møteboka følgjer vedlagt.

Med helsing



Leif Faule
Konstituert rådmann